



SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE

Årsmelding 2010

Hovudutval for kultur



Innhald

1. Innleiing
2. Hovudutval for kultur – politisk styring
3. Budsjett og rekneskap
4. Fylkeskulturprisen 2010
5. Adminstrasjon
6. Kulturutviklingstiltak
7. Idrettsanlegg og lokale kulturbygg
8. Musikk
9. Den kulturelle skulesekken
10. Ungdom
11. Utvikling av kulturminneverdiane
12. ABM – Sogn og Fjordane
13. Tusenårsstaden Gulatinget
14. Fylkesbiblioteket
15. Fylkesarkivet
16. Fylkessenteret for musikkterapi

1. Innleiing

Måloppnåing / resultatvurdering

Verksemda har vore styrt i tråd med kulturstrategien for perioden 2008 – 2011 med eige handlingsprogram for 2010.

Det er vedteke Strategiplan for Den Kulturelle Skulesekken (juni) og Strategisk plan for bibliotekutvikling (desember).

Det er gjennomført fleire konferansar/seminar/kurs for kulturaktørane i fylket. Denne aktiviteten vert oftast gjennomført i samarbeid med ulike samarbeidspartar.

I 2010 hadde kultur eit vedteke nettobudssett på om lag 55,4 millionar kroner. Fylkeskommunen sine samla løyvingar til teater, opera, folkemusikkfestival og museum (33 mill kroner) resulterte i 2010 i samla statlege tilskot til dei same institusjonane på 44 mill kroner. Sektoren forvalta om lag 36 mill kroner i statlege tilskot til annan kulturaktivitet i fylket (skulesekk, freda bygg, kystkultur, spelemidlar).

I åra 2008 – 2010 har tilskota frå Riksantikvaren til freda bygg og kystkultur dobla seg. Såleis er det også i 2010 gjort eit omfattande arbeid med freda bygg og anlegg. Over statsbudsjettet for 2010 kom det 4,5 mill kroner til dette arbeidet. Full rehabilitering av Yris Hotel på Nordfjordeid er eit døme på resultat frå slike tilskot. I tillegg kom drygt 1,1 mill kroner i tilskot til kystkultur. Den treårige satsinga på ein restaureringsleiar med spesialkompetanse på antikvarisk restaurering, og ressursar til å søke om statlege tilskot ber såleis frukter.

Nettstadane Kulturnett Sogn og Fjordane og Skulestova.no er døme på ei utvikling av

fylket sin eigen kultur, enten áleine eller i samarbeid med andre.

Fylkessenteret for musikkterapi bidreg også til å nå ut til grupper som til dagleg har liten tilgang på kulturtildod. ”Eldre og Kultur” som er eit forskings- og utviklings-samarbeid med Høgskulen i Sogn og Fjordane, Universitetet i Bergen og Førde kommune. Gjennom prosjektet ”Mosaikk” vert det i samarbeid med kommunar og mottak gitt kulturtildod til personar med flyktning- og asylsøkjærstatus. Fylkesarkivet og Fylkesbiblioteket har ein stor del av sin aktivitet knytt til kulturformidling, og bidreg aktivt til å utvikle nye tilbod, og nå nye grupper.

Fylkeskommunen bidreg til å gjere lokalsamfunna meir interessante å bu og leve i ved å gje barn og unge tilbod om gode aktivitetar og tilbod innan kultur. Gjennom tilskot og eigne satsingar prioriterer vi denne målgruppa i eit samspel med lag og organisasjonar. Sogn og Fjordane Idrettskrins fekk til dømes 1,2 mill kroner i 2010 for å drive og utvikle gode idrettstildod. Saman med spelemidlane som i 2010 var på omlag 22 mill kroner til anleggsutbygging, skapar desse midlane god grobotn for aktivitet og sosial utvikling.

Gjennom Den kulturelle skulesekken får alle elevane i grunnskulen kulturopplevelingar og rom for utviklande aktivitet innan scenekunst, dans, visuell kunst, litteratur, kulturarv og musikk. Målet om at alle elevane skal få fire årlege tilbod er ikkje fullt ut oppfylt i 2010. Dette grunna i dei samla rammene som staten gir til dette arbeidet. Alle elevane i vidaregåande skule har også fått kulturtildod i 2010. Dei barnehagane

som ønskjer det, får eitt profesjonelt musikktilbod i året.

Ungdommens kulturmönstring (UKM) gir synlege resultat av kulturarbeidet for barn og unge. Samstundes viser dei kommunale-, fylkeskommunale- og landsmönstringa ei utviklingslinje for deltagarane. I 2010 vart fylkesmönstringa lagt til Operahuset på Nordfjordeid med Malakoff Rockefestival som arrangør. Slik bidreg fylkeskommunen til å heve arrangørkompetansen og styrke arrangementet gjennom samarbeid med ein friviljug organisasjon. I 2010 var deltakinga i UKM god, og både arrangement og deltagarar heldt høgt nivå.

Fylkesting for ungdom og ungdomspolitisk utval gir ungdom i Sogn og Fjordane god trening i politisk arbeid. Det årlege fylkestinget for ungdom vart avvikla i oktober. Ungdomspolitisk utval hadde 6 møter gjennom året. I 2010 stod Kulterkort for ungdom som ei av dei største ungdomspolitiske sakene. Saka vann fram i fylkestinget i desember.

I 2010 kom realiseringa av nybygg for Norsk Reiselivsmuseum og Sogn og Fjordane kunstmuseum eit steg vidare ved at dei naudsynte løyvingane fall på plass. Det er starta opp planarbeid for fellesmagasin for musea i Sogn og Fjordane og besøkssenter på tusenårsstaden Gulatinget.

1,7 mill kroner i lokale kulturbymidlar vart i 2010 tildelt rockescena på Eid, Ålhus grendahus i Jølster og Lærdal kulturhus. 22 mill kroner i spelmidlar vart fordelt på om lag 40 ulike anlegg.

Oddleif Apneset (foto), Solveig Haukaas (emalje) og Karina Siegmund (tekstil) fekk fylkeskommunen sine kunstnarstipend for 2010. Kunstnarmiljøet i fylket har fått ein del nye, yngre medlemmer siste åra.

Dei økonomiske og administrative verkemiddel har i aukande grad vorte dreia mot utvikling. Ulike tilskotsordningar og økonomiske bidrag skal vere med og utvikle det frivillige og profesjonelle kulturlivet i fylket. Byjubileet i Florø er eit døme på det med ein heilårleg kulturfest der fylkeskommunen var ein viktig bidragsyta.

I 2010 starta Sogn og Fjordane ungdomslag, med tilskot frå fylkeskommunen, eit 3-årig prosjekt kalla Huset i Bygda. Målet er at det skal gje oss interessant informasjon om stader og miljø der kulturen vert skapt og utvikla i fylket vårt. Eit anna utviklingstiltak som fekk tilskot frå fylkeskommunen i 2010 er arbeidet med Sunnivaleia som pilegrimslei.

I 2010 vart det teke initiativ for å starte opp arbeide med lokale og regionale kulturminneplanar. Fylket vårt er rikt på kulturminne og kulturmiljø. Arbeidet med arealplanar (i 2010 om lag 600 saker) tek mykje arbeidskapasitet og ei effektivisering via gode plandokument vil kunne gje store vinstar.

Fylkeskommunen fekk tildelt 0,5 mill kroner frå Riksantikvaren til arbeid med automatisk freda kulturminne på Selja i Selje, skjøtsel ved helleristingsfeltet i Ausevik i Flora og eit samarbeid om skilt i Osen i Gauldalen. I tillegg vart det gjennomført undersøking med georadar kring borga til Audun Hugleiksson på Ålhus i Jølster. Det vart også kvalitetssikra, og lagt inn nye data i kulturminnedatabasen Askeladden.

Via tilskot frå Riksantikvaren er det formidla 0,8 mill kroner til utviklingstiltak i Nærøyfjorden verdsarvområde. Det er gjort førearbeid for ein forvaltningsplan for området rundt Urnes stavkyrkje, og 0,6 mill kroner er motteke frå Riksantikvaren til skjøtsels- og forvaltningsplanen.

Kvernsteinsparken i Hyllestad er foreslått tatt inn på verdsarvlista. Søkelyset på kulturminna våre er gjennom desse og fleire andre tiltak i ferd med å få eit perspektiv mot verdiskaping. Slikt arbeid vil få auka prioriteten i åra framover.

Forslag om freding av Sellevåg treskofabrikk i Gulen vart ferdigstilt og sendt Riksantikvaren for vedtak. Som ledd i arbeidet med å sikre eit representativt utval av vedtaksfreda kulturminne, gjennomførte fylkeskommunen på oppdrag frå Riksantikvaren ein gjennomgang av alle fredingsvedtak som gjeld bygningar i privat eige.

Sogn og Fjordane fylkeskommune deltok i dei 3 internasjonale prosjekta THING, Coast Alive og EuropeanaLocal i 2010.

Effektiviseringstiltak

Samlokalisering av fylkeskommunal aktivitet i det nye Storehagen Atrium hausten 2010, vil venteleg gjere fylkeskommunen sine sentrale tenester innan mellom anna kultur både meir effektive og synlege. Meir bruk av videokonferanse er eit miljøtiltak, og vil også gje innsparing i reisetid. I tillegg er det gjennomført tiltak for å betre kvaliteten på enkeltenester. Organisasjonen deltek i arbeidet med å bli betre på å handtere søknader om tilskot. Tenestene blir evaluerte årleg. For å hindre at søknader skal falle mellom stolar er det oppretta faste drøftingsmøte med andre avdelingar. På den måten skal søkerne bli kanalisiert dit dei passar best. Elektroniske søknadsskjema er tekne i bruk med gode resultat.

2. Hovudutval for kultur – politisk styring

Hovudutval for kultur har det politiske ansvaret for kultur. I 2010 vart det halde 10 møter og handsama 53 ordinære saker.

Hovudutval for kultur har hatt slik samansettjing i 2010:

Sissel Loen, H, leiar
Harry Mowatt, Ap, nestleiar
Gunnvor A. Sunde, Ap / uavhengig
Randi Rønneklev Melvær, Sp
Nils Gjerland, Sp
Mari Andrea Ness, Sp
Kåre Jarl Langeland, V
Norunn Lunde Furnes, KrF
Jostein Inge Kvalsvik, Frp (til 7.04.10)
Bjarne Holme, Frp (frå 7.04.10)

Varamedlemmer som har møtt:

Heidi Merete Kjempenes, Sp
Karen Marie Hjelmesæter, Sp
Solveig Løvik Norevik, Ap
Marta Kvikne, V
Britt Hilda Dalsbotten, Frp

Kommunebesøk og gjennomføring av møta

Hovudutval for kultur har i 2010 vore på kommunebesøk til kommunane Eid, Vik og Stryn kommune. Møte i mars vart lagt til Eid kommune med omvisning i Operahuset og synfaring på Yris Hotell i samband med restaureringsarbeidet der. I juni var utvalet på vitjing til Vik kommune med omvisning i Hove kyrkje og Hopperstad stavkyrkje. Dei var også med på den offisielle opninga av Hopperstadbrua som ligg på turvegen "Sylvringen", der Sissel Loen stod for snorklyppinga. Utvalet var også på synfaring til Vik Skisenter. Augustmøte vart lagt til Stryn kommune med besøk på Gamle Innvik Ullvarefabrikk og Singerheimen.

I samband med avviklinga av møta har hovudutvalet fått orienteringar om:
 Evaluering av fylkesmusikarordninga
 Utviklingsplan for Den Kulturelle Skulesekken
 Bibliotekplan – høyningsutkast
 Sogn og Fjordane Fylkessenter for Musikkterapi
 Harpefossen Event, Eid kulturskule og VAKN – vårt akademi for kultur og næring
 Norsk Kvernsteinsenter i Hyllestad

Aktuelle fylkestingssaker frå kultursektoren:
 Kulterkort for ungdom
 Strategiplan DKS 2010-2014
 Strategisk plan for bibliotekutvikling i Sign og Fjordane 2010-2013
 Formidlingssenter på tusenårsstaden
 Gulatinget – godkjenning av rom - og funksjonsprogram og avklaring av fylkeskommunen si rolle
 Fylkessoge for Sogn og Fjordane

Saker som har vore handsama i hovudutval for kultur i 2010:
 Høyring – gjennomgang av Rikskonsertane si verksemrd
 Spelemidlar til idrettsanlegg – forslag til nye kriterier for fylkesvis fordeling – høyningsfråsegn

Fellesmagasin for musea
 Kulturmiddlar 2010 – fordeling av tilskot til kulturorganisasjonar, kulturtiltak, festivalar/arrangement, diverse tiltak og kunstnarstipend / etablerarstipend
 Kulturutviklingsmidlar
 Tilskot til fartøyvern, freda bygg og anlegg Sellevåg treskofabrikk – fredingssak
 Avtale med Bergen Filharmoniske Orkester 2010-2013
 Spelemidlane 2010 – fordeling av spelemidlar til nærmiljøanlegg, ordinære anlegg
 Desentralisert ordning for tilskot til kulturhus – fordeling av midlar 2010
 Statlege tilskot til kulturminne på verdsarvlista 2010
 ”Staten sine kulturhistoriske bygningar” – landsverneplan for Justisektoren – høyningsuttale
 Evaluering av folkemusikarordninga
 Strategisk plan for forvaltning av arkeologiske kulturmiljøer 2010-2020
 Forvaltnings- og utviklingsplan for kvernsteinslandskapet i Hyllestad
 Oppnemning av styreleiar / styremedlemer til Førde Internasjonale Folkemusikkfestival.

3. Budsjett og rekneskap

I 2010 brukte fylkeskommunen 53,8 mill kroner netto til kulturføremål. I tillegg kjem prosjektretta tiltak gjennom ekstern finansiering.

Oversikta viser fylkeskommunen sitt bidrag til ulike deler av kulturlivet i 2010. Avdelinga sitt løns- og driftsbudsjett og hovudutval for kultur er lagt til forvaltning og er ikkje med i tabellen.

TENESTE	B-2009 Netto	R-2009 netto	B-2010 Netto	R-2010 netto
Tilskot til lag og organisasjonar	6546	6525	8446	8407
Utviklingstiltak	4100	4155	3600	3596
Bibliotekføremål	5496	5298	5727	5788
Arkivføremål	5007	5002	5223	5251
Museum og kulturminnevern	14017	14040	14617	1 537
Knutepunktinstitusjonar	7339	7352	8149	8159
Kulturformidling	7408	7482	7953	8098
Samla	49 913	49854	53 715	53 836

Statlege/eksterne tilskot forvalta av hovudutval for kultur er ikkje vist i tabellen. I 2010 utgjorde dette 35,7 mill kroner knytt på følgjande område:

Freda bygg og anlegg	4,5 mill kroner
Kystkultur	2,0 mill kroner
Fartøyvern	0,1 mill kroner
Den kult. skulesekken	5,3 mill kroner
Spelemidlar	22,1 mill kroner.
Lokale kulturbrygg	1,7 mill kroner.

Tilskot til frivillig arbeid

Tabellen viser hovudutval for kultur si fordeling av 8 446 mill kroner i tilskot til lag og organisasjonar, kulturtiltak og eigne tiltak i 2010. I oversynet ligg det inne ekstraløyvingar til Fjalerhallen og MGP i Florø på totalt 1,9 mill kroner. Tilskotsmidlane vert lyst ut med søknadsfrist 15. januar. Tilskota vart fordelt slik:

Allment kulturarbeid	2 286
Kunst	350
Kulturminnevern	500
Barn og unge	830
UKM/UPU	655
Musikk	1 375
Idrett	2 450
Totalt	8 446

Kulturmidlane er eit viktig bidrag til ulike kultursatsingar i fylket og søknadsmassen var stor i forhold til disponible midlar. Løyvinga til organisasjonar og større tiltak var i 2010 på same nivå som tidlegare år. Ved tilskotsfordelinga vart det lagt vekt på føringar frå kulturstrategien med

hovudprioritering på kulturaktivitet til barn og unge og til tiltak som fremja etablering av nye kulturelle møtestadar. Tilskot til aktivitet vart prioritert framfor drift.

Det vart starta opp eit arbeid med å få til felles utlysing og samordning av tilskotsordningane i fylkeskommunen.

4. Fylkeskulturprisen 2010

Fylkeskulturprisen for 2010 vart tildelt Sigrid Terese Moldestad. Prisen som var på 40 000 kr og eit diplom vart utdelt på Fylkestinget i desember.



Sigrid Moldestad

Arkivfoto

5. Administrasjon

Kultursektoren i fylkeskommunen femner om kulturavdelinga og dei tre kulturinstitusjonane Fylkesbiblioteket, Fylkessenteret for musikkterapi og Fylkesarkivet.

Kulturavdelinga er organisert i fire ulike basisteam i tillegg til ein stab på to personar. Dei fire basistearma er: Team for administrasjon, Team for kulturminne, Team for almen kultur og ABM Sogn og Fjordane. Det er totalt 22 personar som er fast tilsett. I

tillegg utgjer staben ved årsskiftet 1 prosjektleiar som byggeleiar for freda bygg, 1 prosjektleiar for gjennomgang av alle fredingssaker. 1 person er inne som vikar på grunn av permisjon.

Marius Gjersvoll var inne som ekstrahjelp i samband med flytting til nye lokale fram til 1. oktober. Han arbeidde i hovudsak med arkivet. Det var ingen søknader om lærlingepllass for opplæringsperioden som starta hausten 2010.

6. Utviklingsarbeid

Utviklingsperspektivet er førande for all aktivitet i kultursektoren. Mykje av utviklingsarbeidet er knytt til rettleiing til kommunar, organisasjonar og andre aktørar som arbeider lokalt/regionalt. I tillegg vert det lagt stor vekt på eit gjennomgåande utviklingsperspektiv på heile kultursektoren, t.d i forvaltingssaker/planer/arealsaker.

Dei avsette midlane til utviklingsarbeid går til sokjarar som gjennom prosjekt og satsingar ønskjer å bidra til nyskaping og utvikling og til å fremje og utvikle spennande og dristige kultursatsingar. Midlane må vere ein del av ei felles satsing der andre finansieringskjelder vert nytta. I retningslinene for kulturutviklingsmidlane heiter det m.a. at målet med midlane er at fylkeskommunen saman med lokale, andre regionale, statlege og private aktørar elles, skal vere med å realisere nyskapande og dristige kultursatsingar i Sogn og Fjordane. Det er sett krav om at tiltaka må halde høgt kvalitatitt nivå.

I 2010 vart det gjeve tiskot til fleire kulturutviklingstiltak i fylket på til saman 3,6 mill kroner. I 2010 kom det inn 34 nye søknader til denne ordninga. Dei innkomne søknadar viser stor variasjon i innhald, omfang og geografisk plassering. Nokre har høg grad av nyskaping og utvikling i seg, medan andre legg vekt på historiske, pedagogiske og andre formidlingsformer i sine uttrykk. Mange søknadar ber i seg eit regionalt aspekt, nokre ber i seg både nasjonalt og internasjonalt potensiale, medan andre har eit meir lokalt fokus. Fleire av tiltaka det vert søkt midlar til kan sjåast på som næringsutvikling, eller ligg i grensa mellom kulturutvikling og samfunns- og næringsutvikling. Samla viser omfanget og innhaldet eit omfattande samfunnsbidrag i vår region, og ein ser at utviklingstiltak innan kultur er ein sterk bidragsytar til lokal samfunnsutvikling.

Coast Alive er eit interregprosjekt som legg vekt på å bruke turløyper i folkehelsearbeidet, småskala etableringar knytte til turløyper og klimaendringar sine følgjer for

kulturminna våre. Noreg, Sverige, Danmark, Nederland og Storbritannia deltek med Hordaland fylkeskommune som prosjektleiar.

Dei fire fylkeskommunane på Vestlandet gjekk saman med frivillig sektor og utforma eit stort løppemerkinsprosjekt. Det vart søkt midlar frå Gjensidigestiftelsen som løyvde 10 mill kroner. Prosjektet vert i Sogn og Fjordane følgt opp via plan og næring.

I samarbeidet med Norsk Kulturforum Sogn og Fjordane (interesseorganisasjon for

kommunar og fylkeskommune) vart konferansen ”Lokalt kulturliv i fokus” gjennomført i januar 2010 med over 100 deltakarar. Hovudinntekta var kommunalminister Liv Signe Navarsete og forskar Olaf Aagedal. Førdekonferansen vart gjennomført i juli med om lag 70 deltakarar. Denne konferansen er eit samarbeid mellom Førdefestivalen, Førde kommune, Høgskulen, Sparebanken Vest og fylkeskommunen. I 2010 var også Innovasjon Norge med i konferanse-samarbeidet.

7. Idrettsanlegg og lokale kulturbygg



Årestova på Ullsheim er ein fin samlingsplass

Samling med kommunane:

Det vart halde 3 regionvise dagskurs med kommunane. Temaet var kvalitetssikring av spelemiddelsøknader, momskompensasjon og elektronisk sakshandsaming. Med berre 8 – 9 kommunale deltakarar kvar dag, fekk dei god oppfølging og innføring i systemet. Av 26 kommunar møtte 23 på samlingane. Målet med samlinga var å gje kommunane betre opplæring i handsaming av spele-

middelsøknader, for å betre kvaliteten på søknadane i 2011.

Kommunale planar:

4 kommunar, Gauldalen, Hyllestad, Jølster og Solund, har revidert sine kommunale planar for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet. Det betyr at 24 av 26 kommunar har godkjend plan innan utgangen av 2010. Flora og Eid kommune har ikkje godkjende planar.

Spelemidlar:

Kvaliteten på søknadane fra kommunane er ikkje god nok. Mange manglar var det ikkje var mogeleg å rette innan fristen. Dette førte reduksjon i godkjend søknadssum. Fylket fekk av den grunn mindre tilskot enn potensialet i søknadsmassen. Søknadssummen fra kommunane på ordinære anlegg utgjorde om lag 105 mill kroner, medan godkjend sum som vart innmeldt til departementet var 86,5 mill kroner.

Noko manglar i søknadane må pårekna, men at heile 25 søknader av 118 ikkje kunne

godkjennast, er alt for mange. Det betyr at 21% av søknadane hadde så store manglar at dei ikkje kunne rettast opp. Fylket tapte fleire millionar kroner grunna for därleg kvalitetssikring av søknadane i kommunane før dei vart sendt fylkeskommunen.

Tilskotsordningane – spelemidlar:

Nærmiljøanlegg, forenkla ordning:

Denne stønadsordninga har ikkje fast søknadsdato, og ein kan sende søknader heile åre. Tilskotsordninga er for mindre aktivitetsanlegg, med total kostnad under kr. 80 000. Tildeling av midlar skjer administrativt. Gjennom 2010 har vi motteke 14 søknader, og 10 av desse har fått tildeling av midlar. Rammetilskotet frå staten var i 2010 på kr. 241 000. I tillegg har vi nytta kr. 115 000 av rentemidlane til stønadsordninga. Totalt tildelt beløp er kr. 356 000.

Ordinære nærmiljøanlegg:

Til denne stønadsordninga kom det inn 38 søknader med ein samla godkjend søknadssum på kr. 6 289 000. Dette er 6 søknader mindre enn i 2009. Rammetilskotet frå staten var kr. 2 991 000, som vart fordelt på 16 søknader. I tillegg vart det fordelt kr. 298 000 av rentemidlar til 2 søknader. Totalt vart det tildelt tilskot til 18 søknader.

Kvart fylke får ein lik prosentdel til nærmiljøanlegg. I 2010 var denne 47,5% av innmeldt behov. Dette er ein auke på 0,7% frå 2009. Grunnen til auken er at potten for nærmiljøanlegg er auka frå 65 mill kroner i 2009 til 70 mill kroner i 2010.

Ordinære idrettsanlegg:

Til denne stønadsordninga kom det inn 120 søknader med ein samla godkjend

søknadssum på kr. 96 086 000. Det er ein auke på 2 søknader frå året før, og godkjend søknadssum var om lag 9,5 mill kroner høgare enn i 2009. Rammetilskotet frå staten var kr. 18 961 000. Rammetilskotet, kr. 56 000 av rentemidlar og kr. 1 000 000 av inndregne midlar vart fordelt på 25 prosjekt. Tildelinga til 10 av desse prosjekta var styrt av fylkesdelplanen, og 15 var styrt av kommunale planar. Tildelingsprosenten frå staten var 19,9% av innmeldt behov. Dette er 0,6% lågare enn i 2009. Framleis er ventetida i snitt 5 år.

Fylkesdelplanen har fastsett ei fordeling på ca. 70% av ramma til anlegg styrt av fylkesdelplanen og ca. 30% til anlegg styrt av kommunale planar. I 2010 utgjorde anlegg styrt av fylkesdelplanen 75,3 % av ramma, og 24,7% vart tildelt anlegg styrt av kommunale planar. I 2009 var fordelinga 66,3 % og 33,7% og i 2008 var fordelinga 74,2% og 25,8%.

Kulturbygg, desentralisert ordning:

Det kom inn 16 søknader til denne stønadsordninga i 2010. 6 søknader kunne ikkje godkjennast for tilskot. Samla godkjend søknadssum var kr. 5 660 112. Rammetilskotet frå staten var kr. 1 716 542. Rammetilskotet vart fordelt på 3 prosjekt.

Regionale kulturbygg

Frå 01.01.2010 vart ansvaret for dei regionale kulturbyggia delegert til fylkeskommunane. Kulturdepartementet har gjeve tilsagn om midlar til regionale kulturbygg fram til 2012/2013. Dette betyr at det ikkje vil komme nye midlar til stønadsordninga før i 2013.

8. Musikk

Mål for tenestene

Fylkeskommunen skal på eige initiativ og i samarbeid med andre aktørar søke å utvikle fylket sin eigen kultur, basert på eigenart og eit folkeleg og profesjonelt engasjement. (Kulturstrategi 2008-2011)

Fylkesmusikarordninga

Fylkesmusikarordninga i Sogn og Fjordane består av folkemusikarane Elin Grytting, song/kveding, Vidar Underseth, hardingfele-/fele/dans, Sigmund Eikås, hardingfele, Oddbjørn Ramstad, trekkspel og Synnøve S. Bjørset, hardingfele. Det viktigaste målet til fylkesmusikarordninga er å ta vare på å vidareutvikle folkemusikk-tradisjonane i Sogn og Fjordane.

I stillingane inngår både undervisning, instruksjon og utøving. Arbeidet til folkemusikarane er særskilt viktig med tanke på rekruttering av barn og unge. Her gjer folkemusikarane ein stor innsats som tradisjonsberarar og formidlarar, noko som har ført til ein stabil tilvekst på yngre, dyktige folkemusikkutøvarar frå Sogn og Fjordane som har markert seg i ulike samanhengar.

Det vart i 2010 gjennomført ei evaluering av fylkesmusikarordninga, der det ma. vart påpeika at ordninga har ein viktig funksjon i musikklivet og ressursar som kan nyttast betre ut, særskilt med tanke på marknadsføring. I 2010 gjennomførte musikarane ei fleire tiltak og prosjekt, både faste instruksjonsoppdrag, turnear (ma. i Den kulturelle skulesekken) og undervisning (ma. i Indre og Ytre Sogn, Sunnfjord og Nordfjord). Samla stillingsressurs for

folkemusikarane var i 2010 3,6 stillingar, ein nedgang på 0,5 stilling. Reduksjonen skuldast at ein av folkemusikarane i full stilling gjekk av med pensjon, og det er no tilsett ein musikar i 50% fast stilling.

Skulekonsertordninga

Rikskonsertane si skulekonsertordning tilsvarer musikkdelen i Den kulturelle skulesekken, og vert i Sogn og Fjordane gjennomført i samsvar med avtale mellom Rikskonsertane og fylkeskommunen.

I 2010 stod fylkeskommunen for tre eigenproduserte skulekonsertprogram. Eit av desse, "Guitar Hero USA" for ungdomssteget er også tilrådd til vidare nasjonal distribusjon av Rikskonsertane sitt programråd. Dei to andre nyproduksjonane, barnstegsprogrammet "ViTube – del konserten" (Distriktsmusikarane i Sogn), og U-stegsproduksjonen "Linked together" (Distriktsmusikarane i Førde), skal sendast inn til vurdering i 2011. Desse produksjonane legg vekt på at elevane sjølve skal få høve til å medverke på konsertane. Av andre skulekonsertprogram i 2010, må multimusikaren "Rico Loop" nemnast. Han kombinerte si siste turnérunde i fylket med ein konsert på Balejazz 2010.

Distriktsmusikarane i Gloppen var på si andre turnérunde med programmet "Kompis klassisk", som også er eit program der elevane får høve til å spele saman med distriktsmusikarane på deler av konserten.

Den store satsinga på skulekonsertfronten i 2010 var konsertane med Trondheim Symfoniorkester (TSO) i Operahuset Nordfjord. I september fekk mange av elevane i kommunane Vågsøy, Selje, Eid,

Hornindal og deler av Stryn sitt fyrste møte med eit fullt symfoniorkester, godt assistert av to improvisasjons-skodespelarar som var guidar under konsertane. Om lag 1500 nordfjordelevar i 1-7 klasse var innom operahuset desse to dagane. I tillegg vart det gjennomført eit forprosjekt på Nordfjordeid skule der to musikkarar frå TSO vitja elevane klassevis og gav dei ma. sjansen til å prøve seg som dirigentar. Både Trondheim Symfoniorkester, Rikskonsertane, Eid kommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune var svært nøgde med resultatet av dette samarbeidet. Skuleåret 2010/11 fekk på denne måten stå i den klassiske musikken sitt teikn, då dei kommunane som ikkje fekk høve til å få konsertar i Operahuset Nordfjord, i staden fekk møte klassiske musikkarar på sin eigen skule, som i skulekonsertprogrammet ”Hallaisen, herr Bull”, der elevane fekk møte Ole Bull i ei fengande framsyning med ma. Sjur Hjeltnes i ei viktig rolle. Våren 2011 var det den kvinnelege strykekvartetten ”Strings Unlimited” som turnérte i dei same kommunane.

Samarbeidet med Rikskonsertane om barnehagekonsertar

I 2010 var det barnehageprogrammet ”Bracelio!” som stod på programmet i fylkeskommunen og Rikskonsertane si barnehagekonsertordning. Barnehageborna fekk denne gongen glede av å møte den brasilianske perkusjonisten Celio de Carvalho.

Distriktsmusikarordninga

Distriktsmusikarane har vore vesentlege medspelarar i fleire musikkprosjekt i 2010. Fylket har no tilsaman 15 distrikts-

musikarstillingar i Førde (6), Gloppe (5) og Sogn (4). Musikarane dekkjer eit stort spekter av instrument. I november gjennomførte fylkeskommunen ein inspirasjonsdag for alle distriktsmusikarane og folkemusikarane på Sogndal hotell, med Håkon Skoge som kursleiar. Tema for inspirasjonsdagen var litteratur og musikk, der dikt av Jon Tolaas vart nytta som grunnlag for nye komposisjonar.

Fylkeskvoten

I samsvar med samarbeidsavtalen med vertskommunane for distriktsmusikarordninga, disponerer fylkeskommunen 10 dagar pr. distriktsmusikar pr. halvår. Denne ressursen vert nytta til større prosjekt av meir fylkesfemnande karakter. I 2010 vart fylkeskvoten nytta til m.a. Sogn og Fjordane symfoniorkester og Opera Nordfjord.

Sogn og Fjordane symfoniorkester

Sogn og Fjordane symfoniorkester har hatt konsertar også i 2010. Etableringa av fylkesorkesteret var eit samarbeid mellom Norsk Kulturskuleråd, fylkeskommunen og distriktsmusikarordninga, og orkesteret har no etablert seg på permanent basis i fylket. Symfoniorkesteret utgjer ein viktig arena for samspel mellom profesjonelle musikkarar og amatørar.

Bergen Filharmoniske orkester

Det vart inngått ny tre-årig avtale mellom Bergen Filharmoniske Orkester, fylkeskommunen, Førde kommune, Sogndal kommune og Gloppe kommune. Gloppe kommune er ny inn i dette samarbeidet som gir eit musikktilbod på svært høgt nivå i fylket.

9. Den kulturelle skulesekken

Omfanget av kulturformidlinga i DKS

Om lag 15 000 elevar i grunnskulen i dei 26 kommunane i fylket (inkludert elevar i private skular), får tilbod i regi av DKS. I vidaregåande opplæring gav vi frå hausten 2010 eitt tilbod kvar til alle vg2-og vg3-elevane på alle dei 13 vidaregåande skulane, til saman rundt 2 640. I tillegg fekk 400 lærlingar også dette året eige tilbod frå DKS. I alt 38 turnear var ute i kortare eller lengre tidsrom i 2010. Dei fordelte seg på uttrykk som scenekunst (inkl. dans), visuell kunst, litteratur, kulturarv og musikk (skulekonsertar). Musikkdelen i DKS er Rikskonsertane si skulekonsertordning.



Frå framsyninga "I berget det blå".

Foto: Ronny Solheim

Kontakten mellom skulane, kommunane og fylkeskommunen føregår i det daglege via heimesidene til DKS, sfi.ksys.no. Her får

brukarane generell informasjon, oversyn over aktiviteten og nyhende. Heimesida er samstundes eit viktig planleggingsverktøy. Alle kommunar og skular har eigne sider som viser tilboda som gjeld dei. Dei tilsette i fylkeskommunen som har DKS som arbeidsfelt, administrerer ordninga og er også støttespelarar og rådgjevarar for dei einskilde skulane som treng det. Vi oppmodar alle om å nytte materiell som ligg ved tilboda, som t.d. idear til føre- og etterarbeid.

Skulane si oppfølging

Skulane har mange moglegheiter til å gjere DKS-tilbod til ein naturleg del av skulekvardagen. Det er ønskjeleg at dei nyttar moglegheitene som ligg i å knyte tilbod og ulike tema til både generelle mål i læreplanverket og meir konkrete fagmål. I samarbeidet med dei vidaregåande skulane har vi gode modellar der tilsette tek ansvar for å lage oppgåver knytt til ulike fag med utgangspunkt i eit kunst- tilbod.

DKS-konferansen

Den årlege treffstaden for kulturkontaktane, DKS-konferansen i september, samla i 2010 om lag 60 personar. Hovudtema var **"Kultur – meir enn impulsar"**. For andre gong inviterte vi til samling over to dagar. Innhaldet dag 1 var kurs i "Elevar som arrangørar" (18 deltakarar), "Verkstad i kreativ dans" (8 deltakarar) og Film-dramaturgiens byggesteinar (32 deltakarar). I tillegg inviterte kulturavdelinga til kulturveld med danseframstilling av Freestyle Phanatix, presentasjon av "Ung design"-utstilling i regi av Sogn og Fjordane Kunstmuseum og konsert med to distriktsmusikkarar frå Førde kulturskule. Vel 50 personar deltok. Dag 2 hadde vi temadag

med felles föredrag, inspirasjonsøkter knytt til tilbod i DKS og offisiell opning av vandreutstillinga ”Radio”.

Så godt som alle dei vidaregåande skulane som deltok i tilboden f.o.m. hausten 2010, var representert på konferansen, og hadde sine eigne temasamlingar. Deltakartalet dag 2 var 80. Arrangør var som tidlegare Fylkesmannen og Fylkeskommunen v/kulturavdelinga og opplæringsavdelinga.

DKS i vidaregåande opplæring

Frå oppstarten i 2007 med vg2-elevane ved fire skular, fekk elevar ved alle dei 13 vidaregåande skulane i 2010 kulturtildob gjennom DKS. I høve tilbod til lærlingane har vi etablert ei ordning som inneber at dei får eit DKS-tilbod i samband med dei regionale lærlingsamlingane. Formatet er etter måten avgrensa, og til no har vi brukt berre ein utøvar.

Strategiplan for DKS i Sogn og Fjordane

Det vart første halvår utarbeidd ein kortfatta Strategiplan for DKS 2010-2014, som vart vedteken av fylkestinget 8.juni 2010. På hausten starta arbeidet med oppfølginga i form av ein Handlingsplan for DKS 2010-2014.

Vurdering

Tilboda som blir gjeve i regi av DKS får jamt over svært gode tilbakemeldingar. Ofte tilbyr vi formidling og opplevingar som elevane elles ikkje ville fått del i. Mange kunstnarar og kultur-arbeidarar frå fylket, og frå andre stader i landet, tar del i kunst – og kulturformidling til eit stort publikum. Tidspress og ulik grad av interesse på skulane har betydning for i kva grad arrangementa blir vellukka. Difor er det viktig å gje god oppfølging og invitere kulturkontaktar, andre lærarar og skuleleiing til treff for å motivere dei til dette viktige kultur- og danningsarbeidet på sine skular.

10. Ungdom

UKM

UKM viser breidda av ungdomskulturen i Sogn og Fjordane. Ungdomar frå heile fylket deltek på denne mònstringa. Kvaliteten på innslaga er jamt over svært høg og det er kvart år om lag 400 ungdom i alderen 10 til 20 år som deltek på fylkesmònstringa

I 2010 samarbeidde kulturavdelinga med Malakoff Rockfestival om fylkesmònstringa. Den vart arrangert i Operahuset på Nordfjordeid med Malakoff som teknisk arrangør.

I samband med fylkesmònstringa vart den nye rockescena for Nordfjord ”Gymmen” opna. Dette lokalet var ein del av Bulyst satsinga til KRD for å fremme bulyst for ungdom i distrikta. ”Gymmen” er den tidlegare gymsalen på Eid vidaregåande skule.

NRK dekka alle fire framsyningane og sende dei direkte på NRK Nett TV.

Sogn og Fjordane var representert med 31 deltakarar på landsfestivalen i 2010.

Ungdomspolitisk utval

Ungdomspolitisk utval er samansett av 5 medlemer og 5 varamedlemer (der dei to første møter fast på møta i UPU). Kvart medlem har ansvar for ungdomsråd i inntil 5 kommunar, dei skal ha javnleg kontakt med desse gjennom året. UPU har utarbeidd eit Politisk- og Organisatoriske måldokument som ligg til grunn for arbeidet deira. UPU arbeider etter fullmakt frå Fylkesting for ungdom. I 2010 var UPU samansett slik:

Leiar :Øyvind Fjellkårstad Nestleiar:
Hildegunn Berge

Medlem: Tore Storehaug, Florence Hamper og Torbjørn Vereide

Varamedlemmer: Stine Sandvik, Ole Andreas Förde, Erlend Bøe, Inge Sveen, Ingeborg Hess Elgersma

Utvalet starta arbeidet med ein gong dei vart valde ved at Ørjan Fjellkårstad og Tore Storehaug møtte på distriktsenteret og presenterte ein resolusjon om kommunesamanslåing for kommunalminister Liv Signe Navarsete. Dei følgde også opp den påfølgande debatten i media.

I januar var fylkesting for ungdom representert på Hordaland sitt fylkesting for ungdom.

UPU arrangerte ei nettverksamling for alle ungdomsråda i fylket, der dei fekk opplæring i møte-, tale- og debatt teknikk, media arbeid som pressemelding og intervju teknikk. Tord Dale gav dei ei innføring i bruk av hersketeknikkar før han avslutta det heile med eit glitrande motivasjonsinnlegg.

Ungdomspolitisk utval arbeidde lenge med planlegging av nettverksamlinga.

Ungdomspolitisk utval fekk mange positive

tilbakemeldingar og er svært nögde med dette arrangementet.

Ungdomspolitisk utval, ved Tore Storehaug, og elevorganisasjonen var på møte med opplæringsavdelinga. Tema for møtet var eit mogleg samarbeid mellom elevorganisasjonen og ungdomspolitisk utval i aktuelle saker. Nestleiar representerte UPU på dialogforum i regi av statsråd Audun Lysbakken. Leiar og nestleiar la fram ungdomspolitisk utval sine planar for året til fylkestinget som var samla til møte i Sogndal i april.

Fylkesordførar inviterte ungdomspolitisk utval, ved Tore Storehaug til å innleie til ein diskusjon om kommunestruktur, då kommunal- og forvaltningskomiteen vitja Leikanger.

Utvalet har også hatt fleire presseutspel gjennom året. Mellom anna om nedlegging av allmenn påbygg rundt om i fylket, kommunestruktur, kulturtak og i høve arrangementa utvalet har arrangert.

Utvalet har hatt jamlege møter rundt om i fylket gjennom heile perioden.



Fylkesting for ungdom hausten 2010

Fylkesting for ungdom vart arrangert på Hermansverk 29. -31.oktober. Saker som vart drøfta der, var m.a.

- Kulturkort for ungdom
- Skulestruktur
- Fråversreglement
- Skuleuniform
- Treng vi eit nasjonalt ungdomspanel?

UPU nytta også høve til å takke fylkesordførar Nils R Sandal fordi han alltid stilte opp på Fylkesting for ungdom og fordi han alltid hadde tid til ungdomen. Sondre Leivdal, delegat frå Hornindal, kveda for fylkesordføraren og leiar Ørjan Fjellkårstad overrekte blomster.

11. Utvikling av kulturminneverdiane

Fylkeskommunen har ei viktig rolle i å ta vare på kulturarven og bidra til at kulturminne og kulturmiljø kan gje både dagens og komande generasjonar kunnskap og opplevelingar.

I kulturstrategien for 2008-2010 er eit av måla i kulturpolitikken vi å skape entusiasme og oppslutning om kulturminne og kulturmiljø. Dette er også eit viktig mål i den nasjonale kulturminnepolitikken, som legg vekt på at kulturminna skal vere med på å skape verdiar i levande lokalsamfunn (St.meld.nr. 16 –2004/2005 ”Leve med kulturminner”). Det er eit mål for fylkeskommunen at kulturminna vert ein ressurs for identitet og utvikling av Sogn og Fjordane fylke i framtida.

Arealplanar

I løpet av året vart om lag 600 arealplanar handsama etter Plan og Bygningslova og Lov om kulturminne. Planane er i stor grad reguleringsplanar og kommune- og kommunedelplanar, og dispensasjonar frå kommuneplanane. I 2010 som tidlegare år, har kulturavdelinga uttalt seg til ei rekke konsesjonssøknadar knytt til større og mindre vassdragsutbyggingar. Denne type saker aukar i omfang og er særleg krevjande. Kulturavdelinga opplever i stor grad å vere involvert i større og lengre planprosessar, nokre av desse kan strekkje seg over fleire år.

I 2010 har planane for ny vegstrekning over Filefjell, utviding av E 39 langs Jølstravatnet og ny kraftlinjetrase Fardal-Ørskog vore omfattande saker som vi også kjem til å følge i åra framover.



Arkeologiske registreringar på E-39 i Jølster.

Foto: Kulturavdelinga

Arkeologiske registreringsundersøkingar

Dei arkeologiske registreringsundersøkingane på Filefjell har resultert i påvising av fleire steinalderlokalitetar, tufter og kolgroper . Dette gjev oss viktige informasjon om bruken av dette sentrale fjellområdet i Lærdal og viser til aktivitet over fleire tusen år i førhistorisk tid. Spesielt interessant er det at jarnvinneaktiviteten har vore omfattande her i vikingtid og tidleg middelalder

Kulturminnedenasbasen Askeladden

Fylkeskommunen arbeider systematisk med kvalitetssikring av kulturminnedenasbasen Askeladden med hjelp av midlar frå Riksantikvaren. Fokus i 2010 var kartfesting av lokalitetar og legge inn lokalitetar frå utmark og fjellområde. Kulturminnedenasbasen er GIS-basert. Ei publikumsutgåve av Askeladden, "kulturminnesok.no" er tilgjengleg for publikum over Internett.

Freda bygg og anlegg

Sogn og Fjordane har totalt 194 freda bygningar fordelt på 90 eideomar. 164 bygningar er vedtaksfreda, fylkeskommunen har forvaltningsansvar for dei vedtaksfreda bygga i privat, kommunal og fylkeskommunal eige. Fylkeskommunen mottekk årleg statleg tilskot til restaurering og vedlikehald på freda bygningar og anlegg. I 2010 kom det inn søknad om kr. 19 374 000 i tilskot til freda bygg og anlegg og kr. 6 180 000 til kystkultur som i hovudsak vart løyvd til freda anlegg eller anlegg som er under freding.

Frå Riksantikvaren vart det løyvd kr. 4 500 000 til freda bygg, og kr. 2 000 000 til kystkultur. Den nasjonale potten var på 48 millionar og tildelinga til Sogn og Fjordane låg dermed på toppen av tilskotslista. I tillegg vart det gjeve ei tilsagnsfullmakt for 2011 på kr. 2 000 000 som vert utbetalt i 2011.

Tilskotet til freda bygg vart fordelt på fire restaureringsprosjekt i fylket. Tilskotet til kystkultur vart fordelt på fire restaureringsprosjekt, av desse var det eitt som ikkje var freda. I 2010 har fylkeskommunen valt å satse på dei store istandsetningsprosjekta i fylket som eit ledd i å nå det nasjonale målet om at alle freda

bygg skal ha eit ordinært vedlikehaldsbehov innan 2020.

Fylkeskommunen yter fagleg råd og rettleiing i vedlikehaldsarbeidet til eigara av freda bygg. I 2008 vart det tilsett ein eigen restaureringsleiar i ei treårig prosjektstilling finansiert med midlar frå Riksantikvaren. Resultatet av dette er at ein har starta opp fleire store restaureringsprosjekt som vil gå over fleire år, der restaureringleiar har det overordna prosjektansvaret og ansvar for å kvalitetssikre restaureringa. Prosjekta omfattar Sveen gard i Bygstad,

Kapteinsgarden Myrldhaug, Yris Hotell på Eid og istandsetjinga av eldhuset på Bruland futegard i Førde. På Kapteinsgarden Myrldhaug er prosjektet med istandsetjing av tømmerkassa og tak næraast ferdigstilt. På Sveen gard er tømmerkassa og tak ferdig istandsett og det står att å restaurere vindauge og remontere kledning. Yris hotell er det mest omfattande prosjektet i fylket og her bygningen sikra og to av tre tømmervegger sett istand. Restaureringa av eldhuset på Bruland futegard er eit noko mindre prosjekt der fylkeskommunen gav løyve til ei full demontering av bygningen og restaurering av konstruksjonen i hall før den vert remontert på opphavleg stad. Dette på grunn av dei omfattande skadane i bygningens tømmerkonstruksjon. Prosjektet er planlagt ferdigstilt i løpet av 2011.

I tillegg til dei store prosjekta har fylkeskommunen og kunne nytta restaureringsleiar sin kompetanse for å betre kunne fylja opp alle eigara av freda bygg og handverkarar med råd og rettleiing under restaurering, samtidig som ein sikrar at restaureringane har eit høgt fagleg nivå.

Fredingssaker

Forslag om freding av Sellevåg treskofabrikk i Gulen vart oversendt Riksantikvaren for

vedtak. Fylkeskommunen har og starta opp fredingssak av garden Ormelid i Luster kommune. Denne fredingssaka vart sendt på høyring i desember 2010.

Prosjekt fredingsgjennomgang

Arbeidet med fredingsgjennomgangen starta opp i januar 2010. I dette prosjektet har ein gått igjennom alle dei vedtaksfreda bygningane i fylket som vart freda før 1979. Føremålet med fredingsgjennomgangen er å:

- Tydeleggjere omfanget av fredinga og formålet med den der dette er uklart
- Gjennomgå anlegga sin dokumentasjon og sørge for god dokumentasjon/beskriving der dette er nødvendig
- Vidareføre og forbetre kommunikasjonen med eigarane
- Gjere greie for konsekvensar/fyljer av fredinga
- Sluttføre fredingssaker som er starta før 2005



Riksantikvar Jørn Holme på omvising i Kvernsteinsparken.

Foto: Astrid Waage

Verdsarv

Kvernsteinsbrota i Hyllestad – kandidat til verdsarvlistan

26. november 2010 vart det offisielt kunngjort at Kvernsteinsbrota i Hyllestad var kandidat til nominasjon på verdsarvlista. Noreg samarbeider med fem andre land om å få historiske stader frå vikingtid inn på Unesco si verdsarvliste. Dei andre norske kandidatane er Borrehaugene i Horten, Oseberghaugen i Tønsberg og Gokstadhaugen i Sandefjord.

Fylkeskommunen i Vestfold og Sogn og Fjordane skal, saman med Riksantikvaren og dei respektive kommunane, arbeide fram nominasjonssøknaden.

Noreg har 7 stader innskrive på UNESCO si verdsarvliste. To av desse ligg i Sogn og Fjordane. Dette er Nærøyfjorden og Urnes stavkyrkje. Dersom Hyllestad kjem inn, har vi tre stader på verdssarvliste og kan med rette kalle oss verdsarvfylket.

Urnes

Fylkeskommunen arbeider med ein forvaltningsplan for området rundt Urnes stavkyrkje og i den samanhengen vart det i 2009 ferdigstilt ein fagrapport for område forvaltninga. Riksantikvaren stilte i 2010 kr 500 000 til disposisjon til ferdigstilling av arbeidet med forvaltningsplan for Urnes. Arbeidet vert ferdigstilt i 2011. I tillegg løyvde Riksantikvaren kr 85 000 til grändalaget for å utarbeide ein skjøtselsplan for området rundt Urnes stavkyrkje.

Nærøyfjorden

Fylkeskommunen mottek årleg statlege tilskot til restaurering og sikring av kulturminne i verdsarvområdet Vestnorsk fjordlandskap – delområde Nærøyfjorden til vidarefordeling mellom sokjarane.

Fylkeskommunen mottok kr. 875 000 til ulike prosjekt i verdsarvområdet. Delar av summen var fordelt direkte av Riksantikvaren, medan delar vart fordelt av

fylkeskommunen til innkomne søknadar. Eit av dei prosjekta som fekk tilskot var utarbeiding av Restaureringsplan for verdsarvområdet. Dette er eit prosjekt som er initiert av fylkeskommunen og vert gjennomført av Nærøyfjorden verdsarvpark. Dei planlegg ferdigstilling av prosjektet ved utgangen av 2011. Føremålet med restaureringsplanen er å sikre at istandsetjinga av verneverdige bygningar i verdsarvområdet vert eit eksempel på beste praksis. Dette gjennom å få ei oversikt og prioritering av dei verneverdige bygningane i verdsarvområdet. I tillegg skal restaureringsplanen innehalde ei tilstandsvurdering av dei enkelte bygningane. Dette for at den skal kunne vere nyttig for dei enkelte eigarane i deira arbeid med å setje istand bygningane sine. I tillegg skal den kunne bidra til at det vert lettare for eigarane å få tilskot frå dei ulike tilskotsordningane. Eit underføremål med planen er å skape auka fokus på dei verneverdige bygningane i verdsarvområdet og på den måten bidra til auka engasjement i å ta vare på bygningane på ein god måte.

Kulturavdelinga har delteke som bisiitar på møta i Verdsarvrådet og hatt fokus på å fylje opp arbeidet med restaureringsplan, samt bidra med uttalar, råd og rettleiing i samband med istandsetjing av verneverdige bygningar i verdsarvområdet.

Kulturminne frå nyare tid

Fylkeskommunen har ei viktig rolle for å oppnå ei heilskapleg forvaltning av kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap i heile fylket. Kulturminne frå nyare tid, dei etterreformatoriske kulturminna, er spesielt talrike. Arbeidet med å få fram gode arealplanar er med på å legge eit godt grunnlag for at fleire av desse kulturminna og omgjevnadane rundt kan takast vare på.

Tilskot

Det vart i 2010 løyvt kr 500 000 i fylkeskommunale midlar til kulturminnevern. Midlane skal i fyrste rekke stimulere til å ta vare på den fysiske kulturarven. Størstedelen pengane går til kulturminne frå nyare tid, men og ein del til automatisk freda kulturminne og andre særskilde tiltak. Hovudtema for tildeling av tilskot var knytt til bygningar som tidlegare har hatt ein offentleg funksjon.

Det er framleis stor interesse for tilskot til kulturminnevern, i 2010 kom det inn 37 søknader med ei samla sum på 3,9 millionar kroner. Det er fordelt tilskot til ei rekke ulike tiltak som, Furesund Gjestegevarstad, "Huset vårt" i Hornindal, "Eit tak for Refsdal kraftstasjon", "Stiftinga Gamle Innvik Ullvarefabrikk" og områdeplan Hittunfjøra i Balestrand. Det er og løyvd tilskot til eit forprosjekt for å få fram meir kunnskap om gamle oppgangsager i fylket og om mogeleg få sett i stand ei slik sag.

Kongevegprosjektet

Forprosjektet byggjer på ei samarbeidsavtale med Statens vegvesen, Vang kommune, Lærdal kommune, Valdres Natur- og kulturpark, Oppland fylkeskommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Forprosjektet vart avslutta hausten 2010.

Fleire strekningar på Kongevegen over Filefjell har over lang tid vore nytta som turvegar. Tankane bak prosjektet var å sjå om det var mogeleg å knyte desse saman til eit samanhengande nett av turvegar frå Lærdalsøyri i Sogn til Øye i Valdres. Visjonen for bruk av Kongevegen er fremje fysisk aktivitet ved istandsetjing og seinare bruk av kulturarven. Deler av vegen skal vere tilgjengeleg for bruk av rullestol.

Tilskot til fartøyvern

Samla vart det løyvd kr 200 000 til fartøyvern i 2010. Halvparten av midlane frå Sogn og Fjordane fylkeskommune, resten frå Riksantikvaren. Det kom inn totalt 6 søknader om tilskot til fartøyvern, med ein samla sum på 2,1 millionar kroner.

Tilskota for 2010 vart fordelt med kr 100 000 på kvar av fartøya M/S Stangfjord (Askvoll) og D/S Stavenes. Fartøyvern er eit langsiktig og kostnadskrevjande arbeid som er heilt avhengig av entusiastane og den frivillige dugnadsinnsatsen. Bidraget frå det offentlege vil vere ei oppmuntring og hjelp i arbeidet.

Digitalisering av SEFRAK-materialet

SEFRAK- materialet i fylket vart digitalisert og lagt inn i eit felles web-basert arkiv. SEFRAK-materialet er ei landsomfattande registrering og dokumentasjon av bygningar eldre enn 1900.

Smia i Vik

”Smia i Vik” er ein bygning som har fungert både som bustad, sauefjøs og smie og fortel ei interessant historie om trange kår i ei

vestlandsbygd på byrjinga av 1900-talet. I samband med reguleringsplanarbeid sto smia i fare for å bli fjerna. I samarbeid med kommune, tiltakshavar og eigar jobba fylkeskommunen og Riksantikvaren fram ei løysing der smia vart flytta til eigedomen til eigaren. Kulturavdelinga har leia arbeidet og Riksantikvaren har finansiert flyttinga. Sjølv flyttearbeidet vart utført av Jølster Bilelag.

Museum

Musea i Sogn og Fjordane fekk i 2010 ei statleg tilskot på 21,5 mill kronar. Dette vart følgt opp med ei fylkeskommunal løying på 10,337 mill kronar. Fylkeskommunen tok i 2010 ansvar for plan-/byggeprosess for fellesmagasin for musea.

Det ligg store forventningar til den samla museumsaktiviteten i Sogn og Fjordane, ikkje minst i det å vere moderne samfunnsinstitusjonar med eit breitt engasjement. I Sogn og Fjordane har musea ansvar for eit sett kommunar, i tillegg til at det vert forventa at dei engasjerer seg fylkesdekkjande innan tematiske ansvar.

12. ABM Sogn og Fjordane

Arbeidsåret 2010 har vore prega av omlegging til ny teknisk plattform for fylkesbiblioteket, fylkesarkivet, Musea i Sogn og Fjordane og kulturnett Sogn og Fjordane. Nokre av desse nettside er lansert, medan kulturnett og fylkesbiblioteket vert lansert i andre kvartal 2011. Teamet har elles vore involvert i ei rekkje prosjekt: ThingProject, CoastAlive, EuropeanaLocal og Kunnskap krysser grenser .

Utvikling av heimesider og tenester på internett

I løpet av 2010 har desse nettsidene og vorte utvikla og lansert:

De Heibergske Samlinger Sogn Folkemuseum (www.dhs.museum.no)
Teamet har vore ansvarleg for utvikling og tilpassing av teknisk plattform for museet som kan gjenbrukast av dei andre museumsavdelingane i fylket.

Nasjonalt museumsnettverk for kulturlandskap
(<http://kulturlandskap.sj.no>) Utvikling og

tilpassing av teknisk plattform. Skal lanserast i 2011

Norsk Reiselivsmuseum: Planlegging, utvikling og tilpassing av teknisk plattform. Skal lanserast i 2011

Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane
(www.fylkesarkiv.no) Utvikling av nye heimesider (fullført februar 2011)

ThingProject (www.thingproject.eu) – prosjektsider for EU-prosjekt. Utvikling og tilpassing av teknisk plattform. I tillegg har teamet medansvar for arbeidspakke 4 : ”Pilot test web 2.0 inter-regional co-production and co-profiling of services”

Digital tidsline (med kart) for musea i Sogn og Fjordane. Tanken er øg at dette kan vidareførast til både digitalt tilgjengelege objekt (Kulturnett) og at biblioteka og Fylkesarkivet kan nyte verktøyet i si formidling.

Ny heimeside for Fylkesbiblioteket (vert fullført i løpet av våren 2011, starta haust 2010)

”Kunnskap krysser grenser” (www.kxg.no). Teamet har vore fylkeskommunen sin representant i prosjektet og har utvikla nettstaden i samarbeid med Vestlandsforsking og Innovasjon Norge

ABM Samsøk: Arbeidet med Samsøk3 starta opp i juni 2009 og første fase vart fullført i 2010. Samsøket skal gje betre søk, presentasjon og samanstilling av data fra Fylkesarkivet sine databasar.

Kulturhistorisk Leksikon: kontinuerlig arbeid med publisering og redaksjonsarbeid i heile 2010

Kulturnett, GeoAtlas og Skulestova: Kontinuerleg redaksjonelt arbeid gjennom heile året.

Kurs, brukarstøtte og prosjekt

Kurs i GeoAtlas: Det har vore gjennomført kurs i Geoatlas ved Oppstryn Skule og Dalsøyra skule i 2010

Kurs i Drupal (publiseringssystem): To dagars kurs for tilsette i ABM-sektoren (14 deltatakarar).

”Samfunnsfag med vekt på entreprenørskap og kulturformidling”: Studie på Høgskulen i Sogn og Fjordane (10 studiepoeng) som er eit samarbeid mellom kulturavdelinga og HSF. Studiet starta opp hausten 2010 med støtte frå Utdanningsdirektoratet. ABM-teamet har vore aktive i studieplanarbeid, undervisning og rettleiing av studentar.

Digitalt Fortalt: Det er gjennomført eit kursopplegg knytt til digital historieforteljing over tre dagar for tilsette i kultur- og skulesektoren. Kurset var delvis finasiert av Norsk Kulturråd

Prosjekt: Teamet har vore engasjert i prosjekta ”Kunnskap kryssar grenser”, ThingProject og EuropeanaLocal i 2010.

Brukarstøtte: Teamet har utført brukarstøtte til følgjande prosjekt- og institusjonssider: dhs.museum.no, fylkesarkiv.no, sfj.museum.no kulturlandskap.sjf.no, thingproject.eu, coastalive.eu og kxg.no

Oppbygging av kunnskapsbase, Kulturhistorisk Leksikon og Digitalt Fortalt

I Digitalt Fortalt ligg det pr. i dag 243 artiklar knytt opp til Sogn og Fjordane fylke, ein auke på 45 artiklar i 2010.

I Kulturhistorisk leksikon ligg det pr. dato 1686 artiklar som omhandlar Sogn og

Fjordane fylke, ein auke på 54. Artiklane er tilgjengeleg på Kulturnett Sogn og Fjordane, Fylkesarkivet sine sider og Fylkesatlas.no

Samarbeid med skule, utdanningsinstitusjonar med fleire.

Tenesta GeoAtlas er blitt nytta på lærarutdanninga på Høgskulen og er eit av arbeidskrava under studiet. "Samfunnsfag med vekt på entreprenørskap og digital kulturformidling" der tilsette i abm-institusjonar og skuleverket er sentrale målgrupper.

Webstatistikk for 2010 (Google analytics)

Webstatistikken for kulturnett Sogn og Fjordane viser ein nedgang på omlag 29% i høve 2009, medan nedgangen for Skulestova.no var på omlag 23 %. Dette avspeglar mellom anna at sidene ikkje er tilpassa mobilbruk eller er optimalisert for søkemotorar (google med fleire). Det er ei forvetning om at teknisk omlegging og nye tenester vil auke trafikken mot Kulturnett Sogn og Fjordane i 2011 . Skulestova vil i løpet av 2011 gå inn som ein del av kulturnettet.

Nettstad	Tal sidevisingar i 2010	Tal sidevisingar i 2009	Tal sidevisingar i 2008
www.sfj.kulturnett.no	52095	73094	100823
www.skulestova.no	7137	13668	17719
www.geoatlas.no	217218	320411	238564

13. Tusenårsstaden Gulatinget

Nasjonal merksemd

Styringsgruppa har jobba for at Gulatinget vert innlemma i Grunnlovsjubileet i 2014, og hadde møte m/sekretær for hovedkomiteen. Fylkesordførar, ordførar i Gulen og prosjektleiar for Tusenårsstaden Gulatinget deltok. Det var semje om at Gulatinget burde vere ein del av jubileet, og ein skisse til program og tiltak vart skissert.

Stortingspresidenten vart invitert til Gulen.

Nettverksbygging

The THING project gjennomførde sin andre konferanse (2. partner møte) på Shetland/ Orknøyane 14.-18.april 2010, og sin tredje konferansen (3. partner møte) på

Færøyane 5.-8. oktober 2010. Samarbeidet har vore råka av den internasjonale finanskrisa, og nokre av partnarane står overfor nedskjæring i stillingar og reduksjon i sine budsjett. Til tross for den usikkerheita dette medfører, er samarbeidet framleis godt og framdrifta god.

Visningssenter

Rom- og funksjonsprogram for visningssenteret på Tusenårsstaden Gulatinget vart vedteke i Fylkestinget og i Gulen kommunestyre. I saka overtok Sogn og Fjordane Fylkeskommune ansvaret for den vidare prosessen, og ansvaret for vidareføring vart lagt til Fylkeskommunen sin bygg- og eigedomsavdeling. Det vart

arbeidd ut invitasjon til plan- og designkonkurranse.

Arenautvikling

Det vart rydda ferdig turløype opp til Guløytoppen (halvøya utanfor Tusenårsstaden Gulatinget) våren 2010. Denne gjer til at publikum kan ta seg opp til eit flott utsiktpunkt. Gulatinget inngår også i ”Kystarven” i HAFS der ein av profil-prosjekta vil vere ein ”Vardetur” som går langs fjella overfor Tusenårsstaden. På turen kan ein sjå ned på Tusenårsstaden, samt på den gamle tingstaden i Eivindvik. Langs turen passerar ein veteane på fjella over Tusenårsstaden der ein vil formidle Leidangssystemet. Dette prosjektet skal stå ferdig i 2011/2012.

Vassforsyning

Våren 2010 vart det lagt vassleidning frå Tinghella til kum ved toalettbygget, samt kopla vatnet til sanitæranlegget. Tusenårsstaden har etter dette endeleg godt vatn, og nok vatn til større arrangement og ein viktig milepål for plassen er oppnådd.

Sceneoverbygg (mobilt uversskydd)

Det var i 2010 kjøpt inn sceneoverbygg til bruk på Tinghella. Dette vart første gang prøvd ut under Gulatingsfesten i juni 2010.

Arrangement

Tusenårsstaden Gulatinget vert brukt av lag og organisasjoner til ulike aktivitetsdagar, konserter, bryllup osb. Det vart i 2010 innkjøpt to mobile straumskap/omformarar så ein kan nytte 400v kapasiteten på plassen under større arrangement.

Tusenårsstaden har pr. i dag ikkje eigen småbåthamn eller plass for større båtar. Vitjande til plassen har difor også i 2010 måttå avtale med private i nærleiken for sjølv

å tingje plass til båt. Etablering av kai for større båtar på Tusenårsstaden sitt område er eit føremon for å få til bruk av staden til større kulturarrangement.

Pedagogisk formidling

Avtale er inngått med HIFUS og Selja forlag om ein praktbok om Gulatinget som kan omsetjast kommersielt. Materialet kan og nyttast for ungdomsskuletrinnet. Det står att å utvikle pedagogiske formidlingsressursar for barnetrinnet (1-4 klasse) og mindre born.

Webbasert formidling

Gulatinget sin website har vore kontinuerleg oppdatert. Informasjonen vert omsett til engelsk i 2011 i samband med arbeidet i THING Prosjektet.

Reiselivsretta formidling

Det har synt seg vanskeleg å få tak i godt kvalifiserte og språkmektige guider til deltids, tidsavgrensa stilling på Gulatinget. Det vart difor avgjort at ein ikkje lenger ville tilby dagleg guiding i sommarsesongen frå 2010. Ein haldt fram med heilårleg guiding for grupper etter avtale. Andre løysingar kan utviklast som ein lekk i arbeidet med THING Prosjektet (Apps, Podcast, el.l.) FjordKysten/Stiftinga Jensbua har ansvar for marknadsføring retta mot reiselivet regionalt, nasjonalt og internasjonalt. Gulatinget inngår elles i eit samarbeid med anna reiselivsnæring i Gulen.

Økonomi

Fylkeskommunen si løying til drifta av tusenårsstaden var kr. 970 000. Av desse vart kr. 200 000 sett av til investering. Gulen kommune bidrog med 30% stilling som kulturkonsulent, og tilskot til investeringar frå det kommunale næringsfondet, med inntil kr. 200 000 pr. år. Fylkeskommunen

har vidare løyvd 1 mill. til utvikling av romprogram og gjennomføring av plan- og designkonkurranse knytt til visningssenteret.

Gulen kommune løyvde i 2010 kr. 495 000 til dette prosjektet.

14. Fylkesbiblioteket

Fylkesbiblioteket skal framstå som eit profesjonelt og kvalitetssikra kompetansesenter innan bibliotekområdet, medverke til bibliotekutvikling og vere ein viktig aktør i utviklinga av kulturfylket Sogn og Fjordane

Sogn og Fjordane fylkesbibliotek har i 2010 arrangert 9 kurs med til saman 198 deltagarar frå bibliotek- og skulesektor. I tillegg har tilsette ved fylkesbiblioteket delteke på 14 kurs/konferansar arrangert av andre i og utan for fylket. Fylkesbiblioteket har 150 tilhengjarar på facebook og 130 følgjarar på twitter, hatt 27 182 klikk på heimesida, 226 171 søk i mediabasen og 5 929 søk i Fjognedok. Fylkesbiblioteket har vitja 9 bibliotek i 2010, tema har vore samlingsutvikling, litteraturformidling, nye retningslinjer for fjernlån og nye lokale/oppussing av eksisterande lokale.

Fylkesbiblioteket har lånt ut 2 782 (2009: 3 101) bøker og andre media til andre bibliotek som fjernlån, og lånt ut 2 357 (2009: 3 156) bøker i klasesett til skular.

Bokbåten har lånt ut 15 191 (15 555) bøker i 2010, vel halvparten var barnebøker. Dette er ein nedgang på 2,3 %. Bokbåten har hatt 1 979 (2 197) personar om bord. Det var 1 492 (1 735) tilskodarar på 58 kulturarrangement om bord i båten. Bokbåten vitja 15 kommunar og hadde 40/41 stopp på kvar av dei to turane.

Bokbussen lånte ut 11 749 (9 083) bøker i 2010, 88,4 % av det var til barn. Utlånet auka med 29 % samanlikna med året før.

Bokbussen vitja 5 kommunar og hadde 22 stopp. Avtalen med brukarkommunane om bokbussdrift vart oppsagt i desember som følge av Fylkestinget sitt budsjettpakke, og drifta vil verta avvikla frå sommaren 2011.

Fylkesbiblioteket hadde brutto årsomsetning på kr. 5,7 mill. og 8 personar tilsett i 7,6 årsverk. Fylkesbiblioteket har hatt økonomisk samarbeid med Sogn og Fjordane folkeakademi og Nasjonalbiblioteket og fleire av kommunane i fylket.

Fylkesbiblioteket arbeider for fellesløysingar på tvers av kommune- og forvaltningsgrenser slik at innbyggjarane i regionen får best moglege biblioteknester. Dette kjem til uttrykk i samarbeidstiltak som "Samsøk Sogn og Fjordane" (fellessøk i alle bibliotekbasane), der 22 kommunar, høgskulen og ein del vidaregåande skular er med. I tillegg er ein transportordning mellom biblioteka under planlegging. Gode biblioteknester omfattar også gode lese- og informasjonstilbod og lesestimulerande tiltak som vert gjennomførde i samarbeid med bibliotek, skular, barnehagar og andre aktørar som t.d. Leser søker bok, Foreningen!Les og fagorganisasjonar.

Fylkestinget vedtok *Strategisk plan for bibliotekutvikling i Sogn og Fjordane 2011-2014* i desember. Der følger ein opp St.meld. 23 (2008-09) *Bibliotek : Kunnskapsallmenning, møtestad og kulturarena i ei digital tid*.

Bibliotekmeldinga framhevar fylkeskommunen sitt ansvar på bibliotekområdet gjennom

utviklingsprosessar og rådgiving for å auka kvaliteten i biblioteka og bidra til at biblioteka tek i bruk løysningar og byggjer strukturar som er robuste nok til å møte morgondagens utfordringar.

Sogn og Fjordane fylkeskommune har to avtaler med Førde kommune som gjeld Fylkesbiblioteket. Den eine er leigeavtalen som gjeld leige av lokalar i Førdehuset, mens

den andre er ein samarbeidsavtale om tilhøvet mellom Fylkesbiblioteket og Førde bibliotek. Innhaldet i avtalane samsvarar ikkje med det reelle arealbehovet og dei aktuelle samarbeidsformene. Avtalene vart derfor sagt opp i desember med verknad frå 31.12.2011, der ein ytra ønskje om å gjennomføre tingingar på nyåret med tanke på nye avtaler.

15. Fylkesarkivet

Fylkesarkivet skal arbeide for at viktige kjelder til fylket si historie vert tekne vare på, og formidla på ein god måte til alle.

Tenester til kommunane

Fylkesarkivet har i 2010 hatt ei stor satsing på arbeid med arkivplanar i kommunane. Vi har hatt mange møte ute i kommunane og har ein tett og god kontakt med arkivleiarane. Det har vorte gjennomført fleire arkivkurs for sakshandsamarar i kommunane og kontaktkonferansen og kontaktmøte hadde stor oppslutnad hjå medlemmene

Eldre fotografi

Fylkesarkivet arbeider for å auke tilgjenge til arkivmaterialet vårt. Som eit ledd i dette arbeidet har vi gjort fleire interessante fotosamlingar tilgjengelege på Flickr Commons, ein nettstad for fotografi. Samlingane våre er godt besøkte.

Stort EU-prosjekt: EuropeanaLocal

EuropeanaLocal er eit ”beste praksis”-nettverk finansiert under EU sitt eContentPlus-program. Prosjektet har som målsetjing å gjere digitalt innhald frå lokale og regionale arkiv, bibliotek og museum tilgjengelege for Europeana.

EuropeanaLocal omfattar 32 prosjektpartnarar frå 27 land. Prosjektet er 3-årig; frå og med juni 2008 til og med juli 2011. Fylkesarkivet er ein av 3 norske partnarar, og er koordinator for prosjektet.

Gjennom prosjektet har Fylkesarkivet delteke aktivt i eit Europeisk nettverk med fokus på tilgjenge til kulturarven

Forsking

Tilsette ved Fylkesarkivet har ein unik kompetanse om arkiv og historie i Sogn og Fjordane. Dei har også høg utdanning og kompetanse til å forske. Fylkesarkivet har gjort eit viktig strategisk val om at vi ynskjer å bidra til arkivfagleg og kulturhistorisk forsking. Det er utarbeida eit forskingsreglement og etablert ein forskingskomite. Fylkesarkivet fekk i 2010 tildelt midlar frå ABM-utvikling og Norsk kulturråd til forskningsprosjektet ”Medvitne val eller tilfeldige handlingar”. I samarbeid med De Heibergske samlingar – Sogn folkemuseum og Høgskulen i Sogn og Fjordane skal vi klarleggje kva bilete museet og arkivet sitt innsamla materiale og formidling har gitt og gir av samfunnet som desse institusjonane skal speglar av. Vi vil studere likskap og skilnader mellom museet og arkivet, og om og eventuelt korleis

innsamling og formidling på dei to institusjonane har endra seg. Prosjektet skal gjennomførast i 2011.

Avlevering av arkiv

Fylkesarkivet har i 2010 motteke viktige privatarkiv, mellom anna arkivet etter

bedrifa Firda Canning i Måløy. Det er stor etterspurnad etter å avlevere privatarkiv. Også musikkarkivet har motteke viktige arkiv, mellom anna arkivopptak frå Svelgen nærradio.

16. Fylkessenteret for musikkterapi

FSMT har hatt eit innhaldsrikt år med mange arbeidsoppgåver. Gjennom kurs, prosjekt, direkte arbeid ute i kommunar, større konferansar, forelesingar, nettverk og kulturfestival for utviklingshemma freistar fylkeskommunen å setje på dagsorden kulturlova sitt fokus på at alle kan få høve til å delta på kulturaktivitetar og oppleva mangfold.

Med bakgrunn frå fylkeskommunen sin kulturstrategi har fylkessenteret to satsingsprosjekt; Kultur og eldre (2008 - 2011) og MOSAIK - helsefremjande kulturtilbod for flyktningar og asylsøkjarar (2010 - 2013). Prosjektet har fokus på kompetanseheving, utviklingsarbeid og forsking. Dette forutset samarbeid med ulike institusjonar . Begge satsingsområda har vi samarbeidspartar som er svært viktig for arbeidet.

Kultur og eldre- prosjektet (2008 – 2011)

 Prosjektet er eit tverrfagleg treårig prosjekt 2008 – 2011. Prosjektet handlar om heilskapstenking rundt helse hjå eldre med fokus på samanhengen mellom kulturelt engasjement og helsetilstand. Prosjektet tek utgangspunkt i forståinga at kulturelt engasjement gir betre helse.

Prosjektet er eit samarbeid mellom Førde kommune (Førde Helsetun / Undervisningssjukeheim / Kulturskulen), Sogn og Fjordane fylkeskommune (v/ fylkessenter for musikkterapi (FSMT) / folkehelse) og Høgskulen i Sogn og Fjordane avd. helsefag. Førde kommune er prosjekteigar og oppdragsgjevar.

Musikkterapi på asylmottak (2009 – 2013) - MOSAIKK

FSMT har gjennomført 6 månader prøveprosjekt med musikkterapi for flyktningar og asylsøkjarar, og er no i gang med hovudprosjektet som starta 1.8.2010.

"Kultur eit grunnleggande element i alle menneskelege samfunn og ein basis for all menneskeleg verksamhet og utvikling." (Kulturstrategi 2008 – 2011)

Fylkessenteret ynskjer å rette seg mot førebyggjande arbeid for asylsøkjarar og asylsøkjarar i fylket. Prosjektet tek utgangspunkt i at kultur gir helse. Konkret består prosjektet av å inkludere musikk/musikkterapi som ein del av det psykososiale tilbodet på asylmottaka. I forprosjektet arbeidde FSMT på tre asylmottak her i fylket: Sogndal, Førde og Florø. Kvar av mottaka hadde tre grupper. Prosjektet er finansiert med eksterne midlar deriblant gjennom Vardar for folkehelse (folkehelse og livsutfaldning), kommunane som er med i prosjektet og Sparebanken Sogn og Fjordane

Direkte/klinisk arbeid

FSMT har arbeidd praktisk/klinisk. Kommunar, institusjonar og organisasjonar har tatt kontakt med FSMT for å få musikkterapi i grupper eller individuelt. Vi har arbeidd innan psykiatri, menneske med utviklingshemming, eldreomsorg, rehabilitering, musikk med born.

FSMT har arbeidd i Naustdal kommune med gruppe og individuelt for menneske med spesielle behov. Gjennom musikalsk samhandling er det utvikla relasjon der likeverdig kommunikasjon og felles forståing er mogleg. Musikken har og vorte brukt til å regulere sinnstilstand, der dette har vore nødvendig. Alt i alt har musikken i dette tilfellet møtt eit spekter av ulike behov, som elles ikkje vert møtt.

Førde Seniorkor er eit kor for dei over 60, som vart starta gjennom Kultur og Eldre prosjektet og er ein del av dette prosjektet. FSMT leier koret under prosjektperioden (2008 – 2011).

Gjennom Sogn og Fjordane Røde kors sitt tilbod "Ferie for alle" har FSMT hatt musikkurs på to av leirane på Hauglandssenteret.

NFU Sogn og Fjordane arrangerer ei familiehelg i året. Ulike samarbeidspartar er med på denne helga for å gje gode tilbod til born og vaksne. FSMT er ein av samarbeidspartane og hadde musikk for borna og for heile familien.

I 2010 vart Kulturfestival for utviklingshemma arrangert for 21. gong. Med godt og vel 200 deltakarar frå heile fylket var det mange flotte kunstnariske opplevingar i løpet av helga. Gjennom 7 parallelle kurs kunne deltakarane velje mellom enkelt samspel, band, sirkuskurs, teater, måling og dans. Festivalen vart avslutta med flott konsert med innslag frå kursa. Sogn og Fjordane NFU er arrangør, med FSMT som samarbeidspart. I tillegg hadde 10 musikkterapistudentar frå Universitet i Bergen praksis på festivalen. NRK Vestlandsrevyen sendte direkte frå festivalen.



**SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE**

Fylkesrådmannen
Fylkeshuset
Askedalen 2, 6863 Leikanger
Telefon: 57 65 61 00
Telefaks: 57 65 30 20
E-post: postmottak.sentraladm@sfj.no
www.sfj.no

Framside: Askelund Futegard i Balestrand.
Foto: Stig Nordrumshaugen/Sogn og Fjordane
fylkeskommune.